



## Setesdalssamarbeid

Bygland, Evje og Hornnes,  
Valle, Bykle og Åseral

Vår ref.:  
2025/167

Sakshandsamar:  
Gunn Marith Homme  
gunn.marith.homme@setesdal.no

Dato  
02.07.2025

### REFERAT FRÅ KOMMUNEDIREKTØRUTVALET 30.06.2025

Møtestad:	Formannskapssalen, Evjemoen
Møtetidspunkt:	30. Juni 10.00 - 14.00
Desse møter:	Karina, Vidar, Frantz og Kåre Einar. Aslak deltok via Teams
Meldt forfall:	

Nr.	Sak:	Merknader/frist/ansvarleg:
1	<b>Gjennomgang av avtalen med LMT jf. Referat frå sist møte</b> <b>Konklusjon:</b> Vertskommunen tek innspela frå kommunedirektørutvalet med seg og kjem med ein presentasjon til hausten. Behov for justert styringsstruktur som involverer kommunane i større grad.	Ellen Benum orienterte.  Frantz
2	<b>Næringsforum</b> <a href="#">Oppdrag, mandat og arbeidsform for Setesdal næringsforum</a> <b>Konklusjon:</b> Saka må sjåast i samanheng med strategien og må avvente konklusjon til vedtak er gjort. Saka må på agenda i K.dir utvalet når det ligg føre vedtak om strategien.	
3	<b>Eigarstyring</b> <a href="#">Handbok</a> <b>Konklusjon:</b> Det blir eit arbeidsmøte 6. oktober 10-15, lokalisert i Kristiansand, for å utarbeide ei felles handbok i eigarstyring.	Malla booker møterom. Karina sjekker med eigen ressurs om å førebu grunnlag.
4	<b>Interkommunalt samarbeid – status i forhold til vedtak</b> Alle kommunane har fått positive vedtak. Intensjon og mål om å ha vedteke grunnavtalen i løpet av hausten. Ta kontakt med listerregionen for å høyre om erfaringane dei har hatt i tilsvarande prosess.	Sekretariatet kalle inn Jens Arild Johannessen til neste møte.
5	<b>Strategiprosess regionrådet / kontingent SIPR</b>	

	<p>Kommunedirektørutvalet meiner at regionrådet skal i hovudsak jobbe med politisk påverknadsarbeid både regionalt og nasjonalt. Med dette som hovudfokus fell andre oppgåver vekk. Kommunedirektørutvalet og andre administrative nettverk jobber på tvers av kommunane og ivaretek soleis behovet for samhandling lokalt og regionalt.</p> <p>På bakgrunn av dette ser kommunedirektørane at reell kontingent kan liggje på mellom 300 000 og 500 000,- .</p> <p>Variasjonen ligg i korleis ein tek omsyn til bruk av fond.</p> <p>Kommunedirektørane meiner at tilskot til enkeltbedrifter er eit kommunalt ansvar og bør ut av regionrådet.</p> <p>Det regionale næringsfondet bør utelukka gå til reiselivssatsinga i regionen.</p> <p>Kommunedirektørutvalet ber dagleg leiar kome med skriftleg tilbakemelding på vilkår og forhold som regulerer bruken av rammetilskotet.</p> <p>Herunder også om det føreligg krav til bidrag frå kommunane for å motta ramma frå fylkeskommunen.</p>	
6	<p><b>Beredskap</b>  <b>Konklusjon:</b>  Beredskapskoordinatorane inkl. Kommunedirektør og beredskapskoordinator frå Iveland vert kalla inn til ei drøfting om det overordna beredskapsarbeidet. Møtet blir på teams.</p>	Frantz tek ansvar.
7	<p><b>Eventuelt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Arendalsveka</li> </ul> <p>Utveksla informasjon om førebuinga.</p>	